



**Fotografduoen Atle Helland og Ivar Langeland hadde fotokurs over tre dager i Gamleskulen i helga og får sterk ros av deltakarar for eit lærerikt og spanande opplegg. Kurset var fullteikna med 12 deltakarar og det blir eit nytt kurs i mars.**

Det starta på fredag med teori, heldt fram laurdag med fotografering på Rødtunet og i Bøkkerverkstaden og vart avslutta med fullføring av bileta søndag. Resultatet kan sjåast på dette biletet av deltakarane.

Bak frå venstre står Tore Mathiesen, Helen Sandvik Røssland, Inga Hogstad, Frode Sønnebø, Bente Rusten, Ali Meri og Marita Handegard.

Framme frå venstre Simon Musland- Massey, Bente L. Vatterdal, Christine Hope, Yvonne Hope og Lars Martin Teigen.

(Foto: Lærarane)